

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Telefonmøte
Dato: 24.02.2015
Tidspunkt: 10:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon
Sven Flo	Nestleiar
Einar Målsnes	Medlem
Gunnvor A. Sunde	Medlem
Oddmund Klakegg	Medlem
Eline Orheim	Medlem
Olve Grotle	Medlem
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon
Ivar Kvalen	Styreleiar
Marit Aakre Tennø	Vara

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Christian E. Pettersen	Nasjonalparkforvaltar/sekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 3/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høyring - rapport om forenkling av utmarksforvaltninga		2015/710
ST 4/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høyring - revidering av vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrene, samt stillingsinstruks for forvaltar		2014/4677
RS 1/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - tildeling av tiltaksmidlar for 2015		2015/711

ST 1/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.02.2015

Handsaming i møte

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

ST 2/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.02.2015

Handsaming i møte

Sven Flo foreslo Karen Marie Hjelmeseter og Oddmund Klakegg til å underskrive protokollen.

Vedtak

Karen Marie Hjelmeseter og Oddmund Klakegg vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Fungerande møteleiar Sven Flo må også skrive under.

Samrøystes vedteke.

ST 3/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høyring - rapport om forenkling av utmarksforvaltninga

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.02.2015

Handsaming i møte

Samråystes vedteke.

Vedtak

Styret diskuterte rapporten som no er ute på høyring og dei prinsippa og tiltaka som er føreslegne der. Styret bestemte at nasjonalparkforvaltaren noterer seg dei innspel og syn som kom fram i diskusjonen, og samanfattar dette til eit utkast til høyringsuttale som vert sendt ut til styret etter møtet. Etter at høyringsuttalen vert godkjend av styret og send til mottakar vert den arkivført i sakshandsamingssystemet ePhorte.

**ST 4/15 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - høyring - revidering av vedtekter
for nasjonalpark-/verneområdestyrene, samt stillingsinstruks for forvaltar**

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 24.02.2015

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke.

Vedtak

Styret diskuterte dei føreslegne endringane i styrevedtekter og stillingsinstruks for forvaltar. Styret bestemte at nasjonalparkforvaltaren noterer seg dei innspel og syn som kom fram i diskusjonen, og samanfattar dette til eit utkast til høyringsuttale som vert sendt ut til styret etter møtet. Etter at høyringsuttalen vert godkjend av styret og send til mottakar vert den arkivført i sakshandsamingssystemet ePhorte.

RS 1/15 Jostedalsbreen nasjonaparkstyre - tildeling av tiltaksmidlar for 2015

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vart tildelt kr 430 000,- i tiltaksmidlar for 2015. Regjeringa har innført «nettoføringsordning for budsjettering og regnskapsføring av meirverdiavgift i statsforvaltninga». I år er det difor nettobeløp som er tildelt, dvs. sum eksklusive MVA.

Årets tildeling gjer det truleg mogleg å gjennomføre dei sju høgast prioriterte tiltaka i tiltaksplanen som nasjonalparkstyret vedtok på styremøtet 12.12.2014. Det har ikkje kome fram opplysningar som tilseier at prioriteringsrekkefølgja bør endrast. Forvaltaren vil difor snarleg starte opp arbeidet med tiltaka i samsvar med planen.

Miljødirektoratet har i sin gjennomgang av den innmelde tiltaksplanen vurdert økonomisk støtte til oppføring av sikringshytte ved Skålatårnet til å liggje utanfor postføremålet. Tiltaket må difor takast ut av planen og det kan følgjeleg ikkje nyttast tiltaksmidlar til dette.